

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 25. februar 2015, kl.13.00

Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth og Ole Bjørn Roald (ikkje tilstades i sak 08/15).

Anita Søvik hadde forfall.

= 3 og 4 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå Sykkylven kommune møtte, ordførar i sak 06/15 og 09/15 og økonomisjef Arild Bergstrøm var tilstades i heile møtet.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 06/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. JANUAR 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 21. januar 2015 blir godkjent.

SAK 07/15

VEDKOMANDE SAK 04/15 OM FORVALTNINGA SI RETTLEIINGSPLIKT

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.02.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser på saka som avklara og finn ikkje at kommunen har brote si rettleiingsplikt.

SAK 08/15

VEDKOMANDE SAK 03/15 OM PERSONALKONFLIKT I SYKKYLVEN KOMMUNE, B-SAK

Saksdokument datert 19.02.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Det vart fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova § 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Ole Bjørn Roald samrøystes erklært inhabil.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til saksdokument, forliket under rettsaka og det arbeidet partane har lagt ned i saka og ser på saka som avslutta.

SAK 09/15

INFORMASJON OM RAMMEAFTALAR I SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksdokument datert 19.02.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Økonomisjef Bergstrøm orienterte: Sykkylven kommune har kome langt i å oppfylle lov om offentlige anskaffelser. Kommunen har omlag 70 rammeavtalar og eit samarbeid med Ålesund kommune. Kommunen bruker anbod på banktenester og på pensjon. For små oppdrag blir det ikkje brukt anbod, det blir for dyrt vart det opplyst. Kommunen har ikkje rammeavtalar på gravearbeid og asfaltering. Det er venta forbetringar frå 1. januar 2015, men kommunen er ikkje heilt i mål på dette området og det skjer nok framleis ulovlege innkjøp.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 10/15

INTERN DRØFTING AV TIDLEGARE BEHANDLING AV BYGGESAKSBEHANDLING

Saksdokument datert 19.02.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Økonomisjef Bergstrøm opplyste at kapasitet i byggesaksbehandling vil bli eit tema i kommunen si årsmelding.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar rapportering om temaet i årsmeldinga for 2014.

SAK 11/15

INNKREVIING AV REKNINGAR PÅ KULTURHUSET (Saka kom opp under eventuelt)

Det vart opplyst i møtet at det til tider blir sein utsending av rekningar for leige av kulturhuset. Bergstrøm opplyste at rutinen er månadleg fakturering. Eit viktig tema er at fakturagrunnlaget ikkje blir gammalt før det blir lagt fram for fakturering. Økonomisjef Bergstrøm ville oppdatere kontrollutvalsekretariatet om situasjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet avventar rapportering frå økonomisjefen.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)